



H2 Miljø As
Østensjøveien 15D
0661 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4423 - 23/46899

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
14.06.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 127/144 Mongstad

Tiltak: Terrenginngrep
Byggjestad: Gbnr: 127/144
Tiltakshavar: Imr 131 As
Ansvarleg søkjar: H2 Miljø As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.06.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Omsøkt avkjøyrsløse til eigedommen er ikkje i samsvar med reguleringsplanen. Det må difor søkjast om dispensasjon.
2. Terrenginngrepet går utover regulert byggegrense. Her må det også søkjast om dispensasjon.
3. Det må enten søkjast om dispensasjon frå avstandskravet (4m) i pbl § 29-4 elles må det innhentas samtykke frå eigar av vegen, Mongstad Vekst AS. Vidare bør det ligge føre samtykke frå tilstøtande eigedomer, sjølv om dei kan ha same eigar som tiltakshavar.

Minner om at dispensasjonar må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 14.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

H2 Miljø As

Østensjøveien 15D

0661 OSLO